


Rjem ikkje heim utan firehjulstrekk.

Bil med firehjulstrekk er eit absolutt krav om du skal leva og bu i lustrabygda Leirdalen. Men heller ikkje med trekk på alle fire hjula føler leirdølene seg trygge når dei skal ned på hovudvegen mellom Gaupne og Jostedalen. På glatta er det livsfarleg i dei brattaste partia. Å køyra ut i grøsta er einaste alternativet. Bremsar du, er sjansen stor for at du sflir rett utfor vegen, seier Erik Leirdal. Rona Turid køyrer utan belte om vinteren, klar til å hoppa rasft ut av bilen om ho skulle mista kontrollen. Familien på sju i Leirdalen og dei andre leirdølene håpar kommunen snart gjer noko for å gjera vegen tryggare.



Fryftar avfolkning utan betre veg.

Leirdal: Dei har gjeve frå seg store vasskraftresursar til storsamfunnet, men har fått lite i retur. Ikkje ein gong ein skikkeleg veg sat dei att med etter utbygginga av Leirdøla. For å bu i Leirdalen er bil med firehjulstrekk eit absolutt krav.

Men heller ikkje med trekk på alle fire hjula er du garantert å sleppa unna livsfarlege situasjonar på veg frå Leirdal og ned til hovudvegen. Etter vegstandarden å døma bur leirdølene på ein plass der ingen skulle tru at nokon kunne bu, i alle fall om ein vurderer det i høve årstalet. Rife Luster kommune har ikkje sett seg råd til å gje leirdølene ein veg dei kan ferdaft trygt på i vinterhalvåret.

Utan tryggleiksbelte.

– Eg køyrer utan seile no om vinteren, fordi eg vil kunna hoppa rasst ut av bilen dersom den byrjar å flii avgarde, seier Turid Leirdal. Ho og mannen Erik har fleire gonger opp gjennom åra halde dei fem borna sine vekk frå skulen, til liks med andre foreldre i Leirdalen, fordi dei rett og slett ikkje har våga å fenda dei ned den nær stupbratte vegen.

– Det er vanskeleg å fatta at det har vore ei stor kraftutbygging her i dalen, når ein ser for dårleg veg me sit att med, seier Erik. Det er kun far hans som ikkje har bil med firehjulstrekk av dei som bur i Leirdalen, men han køyrer lite og låner bil av sonen dersom han må avgarde på glatta.

Berre for fastbuande.

Seinast fredag kveld var det kaos på Leirdalsvegen, då gjestande frå Stavanger, som skulle til Leirdalen for å feira 80 årsdag, ikkje kom seg opp. Traktor og strøbil måtte tilfallast for å løysa opp i problema, slik at det har gått greitt å koma seg opp både laurdag og i går, då Sogn Avis testa den svært bratte vegen.

– Eigentleg skulle du ha snakka med alle dei som ikkje kjem på besøk til Leirdalen om vinteren. Når det er nullføre og fåpeglatt er det stort sett berre oss fastbuande som torer å køyra her, seier Turid og Erik. Dei vel 30 innbyggjarane i Leirdalen har etterkvart innfunne seg med at slik er det; om vinteren er det dei som må reisa på besøk til andre, eller henta dei som takkar ja til å koma fram.

Med livet som innsats.

– Me føler vel på mange måtar me har gjeve frå oss vår del til storsamfunnet. Kraftutbygginga øydela mykje god beitemark, seier Erik. Han er bonde, medan kona Turid dette året tek utdanning som hjelpepleiar, og pendlar til Lærdal kvar dag mellom helgane. Med fem born i alderen frå 6 til 19 år, vert det mykje køyring på familien, særleg til kommunesenteret Gaupne. Av og til kan dei få kjensle av at det er med livet som innsats. Løysinga dersom bilen byrjar å flii er å prøva å dra den ut mot grøfta, slik at den stoppar der. Vegen vert berre verre og verre; det faste dekket kan ikkje kallast fast og har skala av i store parti av den fring tre kilometer lange vegen.

– Me har skriva til kommunen fleire gonger, og polititarar har vore framme her på slynfaring ved nokre få høve, men det har ikkje skjedd noko særleg. Me fekk nokre rektverksstubbbar for nokre år sidan, fordi vegdekket hadde vasse seg opp til toppen av støypekantane, seier Erik.

Grøsta som redning.

Han er redd for å framstå som slytande, men meiner at om Luster kommune verkeleg meiner det dei hevdar om at dei vil oppretthalda busetnaden ute i dei små bygdene og grendene, så må dei kunna stilla nokolunde trygg veg til innbyggjarane.

– Når me set nedover ved nullføre eller plussgrader no om vinteren, og det ikkje er strødd, er det berre å håpa at ingen kjem i møte. Møter ein nokon, er grøsta einaste alternativet. Bremsar du, sflir du berre avgarde. Det har hendt at eg har måtta leggja kjetting på bil med firehjulstrekk, seier Eirik. Uv og til, når leirdøler har ringt kommunen og klaga på forholda, har dei fått slengt i seg at dei kan vel berre leggja på kjetting, eller flytta til Gaupne.

– Men det kan ikkje vera slit me skal ha det. Kjetting slit ut deffa på eit blunk.

Mange nesten-uluffer.

Ifølgje Eirik, Turid og dei andre leirdølene er det ikkje så mykje som skal til av utbetringar for at tilhøva skal kunna verta nokolunde bra. Det er berre den nedste delen, der det einssilde stader er stupbratt, det trengs litt omlegging av vegtrafæen.

– Slektingane mine seier at dei ikkje kjem hit til oss om vinteren; det er for bratt og farleg, seier Turid. Mor hennar sfler agarde med bilen på veg nedover, og sidan den opplevinga har ho nekta å køyra til Leirdalen på vinterstid.

– Det har vore mange gonger der det kunne gått retteleg gale nedover her, seier Eirik. Han har sjølv køyrt postbodel ned att til hovudvegen mellom Gaupne og Jostedalen, fordi ho ikkje torde å køyra ned att sjølv.

Dei unge flyttar.

– Eg har lyst til å busetja meg her framme, men ikkje utan at det vert laga skikkeleg veg, seier Tone Elisabeth (19), eldstejenta i slykjenflokken på fem. No bur ho i Gaupne, men er ofte framme til foreldra og slykjena. Når ho reiser til Gaupne att, er det med streng melding om å ringja heim att og seia frå om at ho er komen vel fram.

– Å få neste generasjon til å busetja seg her i dalen, vert vanskeleg om ikkje vegen vert utbetra. Skal ein driva gard i dag, må ein henta inntekter andre stader også, seier Eirik.

– Eg hadde mange år med små barn der eg mest ikkje kom meg herifrå om vinteren, fordi eg ikkje torde reisa nedover vegen. No kvir eg meg for å senda borna avgarde med andre enn Eirik. Det er heilt grusomt når det er på det glattaste, seier Turid Leirdal.

* * *

Sogn Avis.

GA: Tor Yttri.

Måndag 10. januar 2000.